



Jon Magne Vik
Glørudveien 223
1880 EIDSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2427 - 18/4760

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
06.03.2018

Godkjenning - GBNR 6/62 - Løyve til deling av eigedom - Ytre Brakstad

Administrativt vedtak. Saknr: 54/2018

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Jon Magne Vik har søkt om løyve til frådelling av eit areal på om lag 560 m² frå gbnr. 6/62. På arealet er det oppført eit bygg som er matrikelregistrert som `annen lagerbygning`. Bygningen er nytta til lagring av traktor og reiskapar. Det vart samstundes søkt om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) i arealdelen til kommuneplanen.

Utval for drift og utvikling gav i møte den 23.1.2018, saksnr. 11/2018, dispensasjon til frådelling som omsøkt.



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført 10.10.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd, og naboane har samtykka til tiltaket.

Høyring:

Saka har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje motteke merknadar.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr. 6/62 er ein uregulert eigedom som i kommuneplanen sin arealdel er vist som LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift). Omsøkt deling er difor avhengig av dispensasjon frå arealformålet LNFR. Utval for drift og utvikling (UDU) gav dispensasjon som omsøkt i møte den 23.1.2018, saksnr. 11/2018. Vedtaket vart ikkje klaga på.

Tilknytting til infrastruktur:

Omsøkt deling får ikkje betydning for eksisterande vassforsyning og bortleiing av avlaupsvatn, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2.

Det følgjer av pbl § 27-4 at før oppretting av eigedom blir godkjent, skal eigedomen vere «*sikret lovlig atkomst (...) ved tinglyst dokument.*» I dette tilfellet må den frådeltte parsellen ha vegrett over gbnr. 6/62 for at tilkomsten skal vere sikra.

På bakgrunn av dette krev kommunen at erklæring om rett til veg over gbnr. 6/62 vert tinglyst i samband med oppmålingsforretninga, jf. pbl § 27-4. Veglova § 54 vil gjelde for bruk av den private vegen.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 første ledd bokstav m) løyve til frådelling av eit areal på om lag 560 m² frå gbnr. 6/62, som omsøkt og i samsvar med dispensasjonsvedtaket som vart gitt av Utval for drift og utvikling i møte den 23.1.2018, saksnr. 11/2018. Frådellinga endrar ikkje bruken av eigedomen.

I samband med oppmålingsforretninga må det tingslysast ein rett til tilkomst for den frådeltte eigedomen over gbnr. 6/62.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. pbl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg til søknad om dispensasjon
6-62 1_1000
6-62 1_3000

Mottakarar:

Jon Magne Vik

Glørudveien 223 1880

EIDSBERG